



Skal Alexander få sitt eige instrument? (Foto: Kvinnheringen)

**Alexander Pettersen Fredheim (12) spelar eufonium i Rosendal Skulekorps.**

**- Han har diagnosen diabetes 1. Alexander har ein draum om å få sitt eige instrument og bør hjelpast også av oss uskedelinger til å få det.**

**Det meiner Thor Inge Døsland i skulekorpset i Uskedalen.**

- Vi i skulekorpset i Uskedalen har samarbeidd mykje med Rosendal Skulekorps og kjenner godt til Alexander. Han har og vore med på dei mange fellesturane mellom anna til Karmøy Brassfestival dei siste åra. Heilt frå første turen vi hadde saman med han har mellom andre eg vore storleg imponert over korleis han taklar sjukdommen sin, seier Thor Inge.

Og han legg til at Alexander er ein kjempepositiv gut med gode sosiale eigenskapar.

- At vi hjelper Alexander er eit naturleg ledd i dt gode korpssamarbeidet mellom dei to bygdene, meiner Thor Inge.

Korleis kan så Alexander hjelpast med å realisera draumen sin?

Legemiddelfirmat Bayer har ei tevling der ein av fem finalistar kan vinna ein draum til inntil 60.000 kroner og Alexander søkte på eige initiativ om å få bli med i denne tevlinga. Og jubelen stod i taket då han i påska fekk melding om at han var ein av finalistane.

Finalen blir avgjort ved nettvotering som skjer frå 15. april til 15. mai. For å stemme må denne linken nyttast:

[http://www.bayerdiabetes.no/no/drommefondet-simplewins/Aktuelle finalistar/Stem-pa-din-favoritt.aspx](http://www.bayerdiabetes.no/no/drommefondet-simplewins/Aktuelle%20finalister/Stem-pa-din-favoritt.aspx)

Av Ola Matti Mathisen